



Bakgrunn for vedtak

Søklar/sak:	Kjetland Kraft AS/ bygging av Kjetland småkraftverk	
Fylke/kommune:	Hordaland/Masfjorden	
Ansvarleg:	Rune Flatby	Sign.: 
Sakshandsamar:	Ragnhild Stokker	Sign.: 
Dato:	26. 11. 2002	
Vår ref.:	NVE 200103546-22	KTV: 60/2002
Sendast til:	Søkker, alle som har uttalt seg til saka	

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no
Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Kjetland Kraft AS – søknad om løyve til bygging av Kjetland kraftverk i Haugsdalsvassdraget, Masfjorden kommune i Hordaland

Innhald

Søknaden	1
Handsaming	12
Innkomne merknader	12
Masfjorden kommune	12
Hordaland fylkeskommune	14
Fylkesmannen i Hordaland	15
Direktoratet for naturforvaltning	16
Søklar sine kommentarar til fråsegnene	18
NVE sine merknader	20
NVE si vurdering og konklusjon	22

Søknaden

NVE har motteke denne søknaden av 23.11.01 frå Kjetland Kraft AS:

”Kjetland Kraft AS søker med dette om konsesjon for bygging av Kjetland kraftverk i Masfjorden kommune i Hordaland, dvs:

- *Lov av 24. november 2000, nr. 82, om vassdrag og grunnvann, § 8, for bygging av kraftverket.*
- *Lov av 29. juni 1990, nr. 50, energilova, for installering av elektriske anlegg.*
- *Lov av 13. mars 1981, nr. 6, om vern mot forureining og om avfall, til utslepp i samband med bygginga.*

Jf. vassressurslova § 51 vert det og søkt om løyve etter oreigningslova til å oreigne nødvendig grunn for bygging av kraftverket, i fall det ikkje lukkast å komme fram til minnelege avtalar.

Kjetland kraftverk vil nytte ut eit fall på ca. 130 m, som gjev ca. 1,5 MW installert effekt og ca. 6,3 GWh i midlare årleg produksjon. Kjetland kraftverk vil byggast og drivast av selskapet Kjetland Kraft AS som er stifta med grunneigarane som hovudaksjonærar.

Kraftdekninga i regionen er god, men anlegget vil sikre den lokale leveringa av kraft.

.....

1 GENERELT

Kjetland kraftverk vil byggast og drivast av selskapet Kjetland Kraft AS som er stifta med grunneigarane og Nyborg Invest AS som hovudaksjonærar, med føremål å bygge og drive anlegget.

Kraftverket vil utnytte 130 m fall i Dalselvi, mellom ca. kote 205 og ca. kote 75.

Kjetland kraftverk ligg i Haugsdalen i Masfjorden kommune, med kraftstasjonen ca. 100 m frå Haugdalselvi.

Prosjektet har vore handsama i Samla plan, der alternativet i denne søknaden vart plassert i gruppe 4, kategori 1.

2 BEGRUNNING FOR UTBYGGINGSPLANANE

Grunneigarar på Kjetland ynskjer å nytte dei naturgjevne ressursane som høyrer til eigedomane. Den omsøkte utbygginga av Kjetland kraftverk nyttar omkring halve fallet slik det er definert i Samla plan. Grunneigarane meiner likevel at den nedre delen er den som har minst miljøkonsekvensar, og at det gjev eit prosjekt i ein storleik som dei kan make å gjennomføre som hovudpartnerar i eit utbyggingsselskap.

Resterande ressurs på ca. 5,3 GWh/år kan framleis nyttast ut. Utbyggingsprisen er kalkulert til 1,86 kr/kWh, noko som tyder på at utbygginga både er bedriftsøkonomisk og samfunnsøkonomisk lønnsam.

3 BESKRIVING AV UTBYGGINGSPLANANE

3.1 Hovuddata for prosjektet

Hovuddata for planlagt prosjekt er som følgjer:

<i>Nedslagsfelt (km²)</i>	<i>7,0</i>
<i>Middelvassføring (m³/s)</i>	<i>0,79</i>
<i>Netto fallhøgde (m)</i>	<i>130</i>
<i>Turbininstallasjon (MW)</i>	<i>1,5</i>
<i>Maks. slukeevne (m³/s)</i>	<i>1,5</i>
<i>Naturhestekrefter (nat.hk)</i>	<i>176</i>
<i>Midlare årleg produksjon (GWh)</i>	<i>6,3</i>
<i>Midlare vinter produksjon (GWh)</i>	<i>3,9</i>
<i>Utbyggingskostnad (mill. kr.)</i>	<i>11,7</i>

Utbyggingspris (kr/kWh)	1,86
-------------------------	------

3.2 Teknisk plan

Utbyggingsplanane omfattar eit inntak i Dalelvi i Kjetlandsdalen og ei røyrgate langs dalen ned til ein kraftstasjon i dagen, sjå og oversiktsplan i vedlegg 2.

Kraftverket vil bli regulert som eit elvekraftverk med eit inntaksbasseng ved ca. kote 205. Inntaket vil inkludere ein dam på inntil ca. 3 m høgd og eit basseng på omlag 500 m³ som ikkje vil bli regulert, dvs. same vasstand til ein kvar tid om ikkje flaumen blir større enn kraftverket kan ta unna. I tillegg vil det bli bygd ein ca. 50 m inntakskanal til eit inntakshus.

Røyrgata, med ei lengde på ca. 900 m og ein diameter på ca. 0,8 m, vil om mogleg bli graven ned langs heile strekninga mellom inntak og kraftstasjon. Det vil i alle høve vere aktuelt å dekke til røytraseen med noko steinmasse for å verne mot steinsprang frå fjellsida i aust. Det vil bli laga ein traktorveg langs røytraseen som tilkomst til inntaket.

Ny kraftstasjonsbygning vert plassert i overkant av dyrka mark på austsida av elva. Bygget vil bli oppført i tradisjonell stil med treoverbygg, og transformator på utsida av bygget. Sjå plan og snitt for kraftstasjonen i vedlegg 3.

Kraftstasjonen får ei samla maksimal slukeevne på ca. 1,5 m³/s og ein installert effekt på ca. 1,5 MW. Det er planlagt to horisontale Francis turbinar, med ei fordeling av yting på ca. 1,0 MW og 0,5 MW.

Tilkomst til stasjonen blir via ei eksisterande gardsbru over elva og vidare langs ca. 50 m jordbruksveg som rustast opp fram til stasjonsbygget.

Avløpskanalen frå stasjonen vil bli ca. 30 m lang, og arrondert med lokale steinmassar ut i elva.

Plass for rigg under anleggsperioden finst nært opp til anlegget.

3.3 Hydrologi

3.3.1 Grunnlag


Nedslagsfeltet til Kjetland kraftverk med inntak på ca. kote 205 er ca. 7,0 km². Sjå vedlegg 1 for avgrensing av nedslagsfeltet. Vassdraget er ikkje regulert.

Årleg middellavrenning er rekna ut for åra 1931-60 på grunnlag av NVE sitt "Avrenningskart over Norge", 1987.

Ein tilsigsserie frå vassmerke 68.1 Kløvtveitvatn (1950-92) er nytta for å finne årsvariasjon i vassdraget. Ein måleserie for åra 1923-99 i same vassmerke er nytta til kontroll.

3.3.2 Vassføring, vasstand og restvassføring

I figuren nedanfor kan ein sjå variasjonen i vassføring over året ved inntaket i prosjektområdet.



Anlegget vil bli køyrt som eit elvekraftverk utan lagring av vatn over året, det vil seia at anlegget vil nytte all tilgjengeleg vatn ved inntaket inntil slukeevnen for turbinane på 1,5 m³/s. Overskytande vassmengde vil renne over inntaksdammen og nedetter elva. Dermed vil vassføringa forbli uendra i Dalelvi oppstrøms inntaket og nedstrøms utløpet av kraftstasjonen.

Det er ikkje regulering i prosjektet, og heller ikkje i vassdraget i Kjetlandsdalen sett under eitt.

Langs elvestrekninga mellom inntaket og utløpet i Dalselvi vil vassføringa bli redusert med inntil slukeevna for kraftverket. Det vil ikkje bli noko endring i vassføring i Haugsdalselva sidan avløpskanalen går ut i Dalselvi, som seinare renn inn i Haugsdalselva. Restfeltet er på omlag 1,3 km², og gjev ca. 0,17 m³/s (18%) i midlare restvassføring like oppstrøms avløpskanalen frå kraftstasjonen.

Utrekna regulert vassføring (dvs. alminneleg lågvassføring) er på ca. 0,10 m³/s, 12,9 % av midlare vassføring. Alminneleg lågvassføring er rekna på grunnlag av vassmerke 68.1 Kløvtveitvatn 1951-92, skalert på midlare årsavrenning. Dermed representerer Kjetland kraftverk 176 naturhestekrefter.

3.3.3 Vasstemperatur og isforhold

Vatnet vil bli tatt vekk frå elva over ei strekning på ca. 900 m, der vatnet i dag renn i elveløpet og vert utsett for varmeutveksling med atmosfæra. Redusert vassføring ventast berre å føre med seg marginalt høgare lufttemperatur i vår og sommarmånadene, og noko lågare temperatur og tørrare luft over elvepartiet om vinteren. Prosjektet medfører litt mindre oppvarming av

turbinvassføringa i sommarmånadene og litt mindre avkjøling i vintermånadene. Restvassføringa sommartid vil difor ha høgare temperatur, medan vatnet mellom inntak og utløp vil få lågare temperatur vinterstid. I området er det i dag variabel islegging på grunn av eit vekslende klima i vintermånadene, slik at det ikkje er uvanleg med tilnærma isfrie vintrar. Generelt kan islegginga starte tidlegare i den påverka elvestrekninga på grunn av redusert vannføring. Det er ikkje venta vesentlege konsekvensar for nokon av desse forholda.

3.3.4 Flaum

Flaumavleiingskapasiteten vil bli den same som før i vassdraget, i og med at ein ikkje endrar elveprofilet.

3.3.5 Grunnvatn

Prosjektet ligg i eit område med mykje nedbør og liten fjelloverdekning slik at grunnvasstanden ikkje er venta å bli nemneverdig påverka i elva sine nærrområde.

3.4 Kostnadsoverslag

Det er utarbeida eit kostnadsoverslag for den planlagde utbygginga.

Kostnadene er i samhøve med prisnivå pr. januar 2001.

Komponent	Totalt i mill. kr.
Dam og røyrgate	3,0
Kraftstasjon:	1,0
- bygningsteknisk	2,5
- maskinteknisk utstyr	2,8
- elektroteknisk utstyr	0,1
Kraftlinjer	1,0
Uforutsett (10%)	0,7
Planlegging/adm. (5%)	0,6
Finansieringsutgifter (3%)	
Totalt kostnader	11,7

3.5 Elektriske installasjonar i kraftstasjonen

I kraftstasjonen som er nærare omtala i kap. 3.2 og i vedlegg 3, vil det bli installert to lågspent generatorar med tilhøyrande koplingsanlegg, kontrollutrusting og transformering opp til 22 kV.

Det søkjast derfor om elektrisk anleggskonsesjon for følgjande anlegg:

- Hovudtransformator med yting 1,75 MVA og omsetningsforhold 0,66/22 kV
- 1 generatorar for 0,66 kV og med yting på 1,15 MVA
- 1 generatorar for 0,66 kV og med yting på 0,575 MVA

Det monterast to turbinar med installert effekt 1,0 MW og 0,5 MW, med ei samla slukeevne på omlag 1,5 m³/s.

Stasjonen sitt grunnplan er vist i Vedlegg 3.

3.6 Kraftoverføring

Netteigar og områdekonsesjonær i området er BKK Nett AS. Det er ikkje nødvendig med noen forsterking av eksisterande anlegg i samband med tilknytning av kraftverket.

Det søkjast derfor om elektrisk anleggskonsesjon for følgjande anlegg:

- 22 kV FeAl 25 luftleidning frå kraftstasjonen over Haugsdalselva til eksisterande 22 kV leidning ved Kjetland på nordsida av Haugsdalen (sjå Vedlegg 2).

Leidningen er planlagt som en tremasteleidning med H-master og med underliggjande jordledar og 2 x 8,5 m ryddebelte. Ny 22 kV kraftleidning på ca. 170 m strekkast frå kraftstasjonen til eksisterande 22 kV på nordsida av Haugsdalen og Haugsdalselvi, sjå vedlegg 2.

3.7 Driftsforhold

Som sakkunnig driftsleiar vil siv. ing Trond R. Aas. Trond R. Aas har tidlegare vore driftsleiar i Vestfold Kraft AS og har hatt sentrale verv i Kraftforsyningens Beredskapsorganisasjon i Vestfold. Det vil bli utarbeida driftsinstruksar osv. i nødvendig grad før driftssetting av anlegget. Sjølve drifta av anlegga vil bli gjort av personar med tilknytning til eigarane av kraftverket, sannsynlegvis i samarbeid med et lokalt kraftselskap. Drift og vedlikehald av høgspeintanlegga vil bli leiet frå et lokalt kraftselskap eller en installatør med tilstrekkeleg kompetanse.

3.8 Framdriftsplan

Følgjande framdriftsplan fram til produksjonsstart er sett opp:

	2001	2002	2003
Konsesjonsbehandling		—	
Planlegging og prisinnhenting		—	
Anleggsperiode			—

4 FORDELAR VED TILTAKET

4.1 Kraftproduksjon

Midlare årleg produksjon er rekna ut med bakgrunn i ein tilsigsserie frå vassmerke 68.1 Kløvtveitvatn (1951-92), og ein installasjon på ca. 1,5 MW.

Produksjon (GWh)

- sommar 2,4
- vinter 3,9
- årleg 6,3

4.2 Andre fordelar

Ettersom økonomien innan tradisjonelt landbruk er svekka, oppfordrar dagens jordbrukspolitik til utnytting av eit breiare spekter av ressursane som ligg til gardsbruka. Dalelvi er kanskje den viktigaste ressursen til småbruka i prosjektområdet. Berre ei lokal utbygging vil sikre bruka varige og vesentlege inntekter frå denne ressursen. Ved tradisjonell utbygging av større, ekstern utbyggar vert vederlag for fallrettar små og vil derfor vere

uinteressante og av liten verdi for grunneigarane. Ei mindre lokal utbygging vil også ha klare miljømessige fordelar, og ei lokal styring av kraftverket vil gje rom for lokale tilpassingar i bygging og drift som hindrar ulemper for lokalmiljøet.

Ei utbygging av elvekraftverket i lokal regi vil også vere ei utfordring for grunneigarane og medverke til å utvikle lokal kompetanse og stimulere interessa i lokalmiljøet for lokal ressursutnytting og verdiskaping i bygdene. Ei utbygging av slikt moderat omfang kan utførast av lokale entreprenørar slik at store delar av investeringa kjem lokalsamfunnet til gode.

For dei berørte grunneigarane vil prosjektet vere eit viktig bidrag til å styrke næringsgrunnlaget, og det vert då lettare å oppretthalde lokal busetnad og særpreg.

5 VERKNADAR FOR MILJØ, NATURRESSURSAR OG SAMFUNN

5.1 Materiale og metode

Innhaldet i dette kapitlet er i hovudsak henta frå vassdragsrapporten i samband med Samla plan behandlinga (DN 1999a). Gjennomgang av eksisterande materiale og samtalar med grunneigarane har gjeve supplerande opplysningar.

5.2 Hydrologi

Hydrologiske tilhøve er forklara i kapittel 3.3.

5.3 Lokalkilma, vassstemperatur og isforhold

Hydrologiske tilhøve er forklara i kapittel 3.3.

5.4 Flaum, erosjon og sedimenttransport

Elvekraftverket medfører ikkje ei regulering av vassføringa over året. Flaumavleiingskapasiteten vil bli den same som før i vassdraget, i og med at ein ikkje endrar elveprofilen. Flaumsituasjonen vil vere tilnærma den same før og etter utbygging, dvs. kraftverket vil verken bidra til større flaumar eller redusere skadeflaumar. Det er ikkje venta behov for erosjonssikring meir enn normal sikring av avløpskanalen. Sedimenttransporten er berre venta å bli marginalt påverka mellom inntaket og utløpet.

5.5 Skred

På vinters tid er det regelmessige skred frå fjellsida i aust, det vil seie oppstraums inntaket. Strekninga mellom inntak og utløp er ikkje utsett for skred i normale tilhøve. I alle tilfelle vil ikkje røyrgata vere utsett for skade då ho er nedgraven.

5.6 Mineral og kvartærgeologi

Berggrunnen i området er omdanna grunnfjell, i hovudsak gneis-/ granittypar som forvitrar seint. Det er generelt lite lausmassar i området. Det er ikkje registrert verna (DN 1995a) eller økonomisk verdifulle mineral eller masseførekomstar i området. I følgje DN (1999a) har området heller ingen kvartærgeologiske førekomstar blant dei som er vurdert som verneobjekt i Hordaland.

5.7 Landskap, kulturminne og kulturmiljø

Prosjektet ligg i landskapsregion "Ytre/Midtre fjordbygder på Vestlandet" (Elgersma 1996). Prosjektområdet ligg ikkje innanfor område som er registrert i den nasjonale oversikta over verdifulle kulturlandskap (DN & NIJOS 1994).

Sjå vedlegg 4 for foto frå prosjektområdet og vedlegg 2 for oversikt over prosjektområdet.

Redusert vassføring, røyrgate og anleggsveg vil forringe landskapsopplevinga, men om skogen i området ikkje vert hogd vil endringane bli relativt lite synlege. Generelt ligg elva litt tilbaketrekt og er delvis gøymd i skog. Skogen i området vil skjerme traktorveg/røyrgate på austsida av elva frå innsyn frå turvegen langs vestsida av Dalelvi.

Inntaksplasseringa i denne søknaden er lågare ned i dalen enn forklara i Samla plan. Dermed blir det ikkje konflikt med busetnad ved Dalesetri.

Stølsvegen mellom Kjetland og Dalesetri vil ikkje bli påverka av røyrtraseen (som hevda i Samla plan), ettersom desse ligg på kvar si side av elva.

Kraftstasjonen vil påverke innmarka søraust for elva, og røyrgata vil krysse eit gammalt steingjerde. Gjerdet kan restaurerast etter at røyrgata er lagd. Ved å plassere kraftstasjonen på øvre ytterkant av innmarka med utløp til Dalelvi unngår ein kryssing av innmarka med røyrtrasé, slik alternativet i Samla plan legg opp til med stasjon nedst på innmarka og utløp til Haugsdalselvi.

Tørrelgging av Dalelvi vil, i periodar, verke forringande på kulturlandskapet og på vasstilknytte kulturminner, som det gamle kvernhuset ved Dalelvi. Det gamle kvernhuset ligg omlag ved utløpet av kraftstasjonen på vestsida av elva, og vil derfor ligge i vasskanten som før utbygginga. Andre kulturminne er ikkje kjende.

Eksisterande steinsetting kring elva mot erosjon er ein del av gardslandskapet. Denne vil i stor grad vere naudsynt for erosjonen og vil vedlikehaldast i samme grad som tidlegare. Steinsettinga vil og fortsette inn i avløpskanalen frå kraftstasjonen.

Kraftlinja frå kraftstasjonen over dyrka mark og Haugsdalselvi vil bli eit nytt element i landskapet. Traseen som er valt er kortaste veg til tilknytingspunktet på andre sida av elva og vil trekkast som luftspenn med master.

Opprusting av vegar og bruer er ikkje nødvendig eller aktuelt ved bygging av elvekraftverket, til forskjell frå planane som er skissert i Samla plan.

5.8 Vasskvalitet og ureining

Undersøkingar i nærleiken har synt at det er problem med forsuring i regionen. Generelt er kalsiuminnhaldet i vatnet lågt, den syrenøytralisierende kapasiteten er ofte negativ og vatnet er fleire stader aluminiumsrikt. Fleire vassdrag har vore kalka. Det er ikkje funne data for vasskvalitet innanfor prosjektområdet.

Ser ein vekk frå eventuell langtransportert luftureining som medfører forsuring, er det ingen vesentlege kjelder til ureining av jord, luft eller vatn i nedslagsfeltet eller prosjektområdet som i hovudsak består av utmark. Det er ingen vesentlege resipientinteresser i området. Området ligg i utmark som vert nytta til beite.

Ureiningssituasjonen i Dalelvi vert truleg lite påverka, men mellombels auka sedimentinnhald grunna gravearbeid i og ved elva i anleggsfasen må påreknast. Omfanget av konsekvensane er venta å vere lite. Redusert vassføring er ikkje venta å medføre vesentleg forverra vasskvalitet i elva sidan det ikkje lenger er ureining i området.

5.9 Fisk og fiske

Det er ingen innsjøer i området som vert påverka, og det vert heller ikkje etablert noko magasin. Det er ikkje fisk i utbyggingsområdet i Dalelv, bortsett frå bekkare langs ei strekning på omlag 100-200 m oppover frå utløpet av kraftstasjonen. Truleg har fisken problem med å passere stryk vidare oppover. Det vert difor ikkje utøvd fiske i området. Prosjektet vil ikkje komme i konflikt med vesentlege fiskeressursar, og sjølv ei tilnærma tørrlegging av strekninga på 900 m vil berre ha små eller uviktige konsekvensar.

5.10 Plante- og dyreliv

Nedslagsfeltet til prosjektet ligg i den naturgeografiske regionen "Vestlandets lauv- og furuskogsregion" (region 37 c og d) (Nordiska Ministerrådet 1984). Delar av området er planta til med gran, dette gjeld bl.a. område ned mot elva. Høgare opp mot fjellet er det bjørkeskog.

"Fattig" berggrunn og tynt lausmassedekke tilseier at flora og vegetasjon er typisk for regionen, dvs. at artsmangfald er relativt avgrensa og artane er vanlege. Prosjektområdet har eit avgrensa utval av habitattypar for dyreliv. Ein har få detaljar om viltførekomstar i dette delvassdraget, men det er neppe grunn til å forvente spesielt viktige førekomstar av nokon art. Hjort finst i området.

Terrenget og vassføringa er til liten eller inga hindring for passering av hjort i dag, bortsett frå i flaumperiodar. Det er truleg få dyre- og fuglearter som har tilknytning til eller er avhengige av den elvestrekninga som vert påverka. Prosjektet sin storleik tilseier at verknadene for plante- og dyreliv vert små eller uviktige, med unntak av fysisk arealbeslag og noko forstyrring av dyreliv i byggefasen.

Røyrgata vil bli søkt grave ned der det er teknisk mogleg, slik at passasjen for hjort ikkje vert hindra i området. Terrenget og vassføringa i elva er truleg ikkje til særleg hinder for passering av hjort i dag.

5.11 Landbruk, reindrift og jakt

Jordbruk vert i lita eller inga grad påverka av prosjektet. Traktorvegen langs røyrgata vil lette tilkomsten til skogen og uttak av ved og tømmer. Elva har ikkje noko verknad som naturleg gjerde.

Det er ikkje reindrift i utbyggingsområdet.

Det vert utøvd hjortejakt i området, men ikkje småviltjakt i vesentleg grad.

5.12 Vassforsyning og jordvatning

Berørt strekning av Dalelvi vert ikkje nytta som vassforsyning eller jordbruksvatning.

5.13 Friluftsliv

Området vert i avgrensa grad nytta i friluftslivssamanhang, men det går ein sti på vestsida av elva inn til Dalesetri der det bl.a. har vore turorienteringspost som har ført til at ein del lokale personar har nytta stien. Det er ingen hytter i området mellom inntaket og utløpet. Eit stykke oppstraums inntaket ligg to stolar (Dalesetri og Fonnhaugen) som i dag berre vert nytta i rekreasjonssamanhang. På Fonnhaugen er det ei jakthytte.

Redusert, og tidvis bortfall av, vassføring langs den ca.. 900 m lange strekninga mellom inntaket og utløpet for kraftstasjonen vil vere negativt for friluftsopplevinga. Terrenget er

derimot av ein type som ikkje er spesielt skadelidande av at vassføringa i elva reduserast, slik at opplevinga av terrenget rundt elva ikkje vert like mykje forringa.

Traktorvegen kan nyttast som ein innfallspor til Fjonfjella, og kan dermed opplevast som en positiv faktor, dersom vegen leggst skånsamt til i terrenget og forholda elles leggst til rette.

5.14 Naturvern

5.14.1 Verneområder

Det er ikkje registrert verneområde i eller nær prosjektområdet (DN 1995a).

5.14.2 Inngrepsfrie naturområder

Prosjektområdet ligg i "inngrepsnær sone" (DN 1995b), dvs. mindre enn 1 km frå nærmaste tyngre tekniske inngrep.

5.14.3 Biologisk mangfald

Innanfor eller i nærleiken av det vesle prosjektområdet er det verken stort utval av habitattypar, registrert stor artsrikkdom av plantar/dyr eller funne sjeldne eller trua artar (DN 1999b).

Området er typisk for regionen. Samla sett vurderer ein området å ha liten til middels verdi for biologisk mangfald. Konsekvensane for biologisk mangfald er venta å bli små eller uviktige.

5.15 Samfunn

Lokalt næringsliv og sysselsetting vil dra nytte av prosjektet i anleggstida dersom det vert nytta lokale entreprenørar. Det er ikkje venta vesentlege konsekvensar for befolkningsutvikling og bustadutvikling, men prosjektet vil bidra til å sikre det økonomiske grunnlag for vedkommande grunneigarane og slik sett vere med å sikre lokal busetnad.

Kommunal økonomi vil berre bli marginalt betra grunna inntekter frå kraftverket i form av skattar og avgifter. Opprusting av traktorveg vil berre gje svært lokale positive konsekvensar for veg/transport, og det er ikkje venta andre konsekvensar for dette tema. Det er ikkje venta konsekvensar for sosiale og helsemessige tilhøve.

5.16 Avbøtande tiltak

Det er ikkje planlagt avbøtande tiltak i prosjektet, bortsett frå at røyrgata vil i størst mogleg grad vere grave ned, noko som teknisk-økonomisk også er ein fordel. Områder som vert påverka av anleggsarbeid vil bli søkt tilbakeført til sin opphavlege tilstand med stadeigen vegetasjon.

Dersom skogen i området langs røyrgata og traktorvegen vert hogd vil traseen bli meir synleg og dermed meir skjemma som landskapsinngrep. Det er forutsett å grave ned røyret, for å avgrense landskapsinngrepet.

6 AREALBRUK, EIGEDOMSFORHOLD OG OFFENTLEGE PLANAR

6.1 Arealbruk

Anlegget vil påverke areal langs røytraseen og avløpskanalen, samt i området omkring inntakskonstruksjonen, kraftstasjonen og 22 kV leidning fram til BKK Nett sin leidning.

Inntaksmagasinet vil demme ned eit areal på omlag 0,3 mål, langs inntakskanal, røytraseen og avløpskanalen vil omlag 10 mål bli beslaglagt, hovudsakleg skog, området omkring kraftstasjonen omlag 0,2 mål jordbruksmark, og krafteleidningen omlag 3 mål over mark og elv.

Rigg i samband med anleggsarbeida vil påverke byggherren sin eigen eigedom nært inntil anlegget.

6.2 Eigedomsforhold

Kjetland kraft inngår i eit samarbeid med grunneigarane om utnytting av fallet i Dalelvi. Grunneigarane som vert berørt av kraftverkutbygninga er:

G.nr./B.nr.	Grunneigar:
56/1	Albert Kjetland
56/2	Sigfred Kjetland

De grunneigarane som vert berørt av krafteleidningen er:

G.nr./B.nr.	Grunneigar:
53/1	Olav Kåre Tverberg
56/1	Albert Kjetland

Det er tatt kontakt med desse med tanke på å inngå minnelege avtalar om grunnerverv. Disse vil bli sendt til NVE når dei er klare.

6.3 Nasjonale, fylkeskommunale og kommunale planar

Prosjektet vil ikkje påverke områder omfatta av nasjonale planar.

Området ved inntaket og røytraseen inngår i kommuneplanen i Masfjorden kommune som eit landbruk-, natur- og friluftsområde (LNF). Området kring kraftstasjonen og Kjetlandstunet er sett til LNF - område med løyve til spreitt bustadbygging.

6.4 Samla plan

Prosjektet er vurdert i Samla plan, i alternativ A, som ein del av eit takrenneprosjekt som omfattar Nottveitvassdraget, Romarheimsvassdraget og Haugsdalsvassdraget, og i alternativ B (B2), som eit sjølvstendig elvekraftverk i Kjetlandsdalen. Alternativ A vart plassert i gruppe 8, kategori 2, dvs det kan ikkje søkjast konsesjon for dette alternativet. Alternativ B2 vart plassert i gruppe 4, kategori 1, og det kan derfor søkjast konsesjon for dette alternativet.

Det omsøkte prosjektet er noko endra i høve til Samla plan, med tanke på å få eit betre teknisk-økonomisk prosjekt og gjere eit meir skånsamt inngrep i naturen.

I høve til Samla plan er inntaket flytta frå kote 332 til kote 205, kraftstasjonen er flytta opp til overkant av innmark, og utløpet frå avløpskanalen går inn til Dalelvi i staden for Haugsdalselva.

6.5 Verneområder

Det er ikkje kjent at prosjektet påverkar verna eller verneverdige områder/interesser.”

Handsaming

Søknaden vart kunngjort i avisene Strilen og Nordhordland. Den vart òg lagt ut til offentleg gjennomsyn i kommunen og sendt på høyring til offentlege myndigheiter og aktuelle interesseorganisasjonar.

Innkømne merknader

Masfjorden kommune uttalte seg i brev av 22.02.02. Rådmannen sitt forslag til vedtak var som følgjer:

”Masfjorden kommune syner til vedtak i kommunestyresak PS 73/00, uttale til Samla Plan for Haugsdalsvassdraget, Romarheimsvassdraget og Nøttveitelv, der kommunen gjekk inn for at heile området i Masfjorden kommune vert plassert i kategori 2, og gjev slik uttale til søknad om konsesjon for Kjetland kraftverk:

Masfjorden kommune går i mot søknad om konsesjon for Kjetland kraftverk.”

Dette var underbygd av denne saksutgreiinga:

”Fakta

.....

Det er ikkje kome inn merknader frå innbyggjarar eller andre interessentar i kommunen.

I høyringsrunden for Samla Plan, ga kommunestyret i Masfjorden den 22.06.00 fylgjande uttale: ”Masfjorden kommune vil at heile området vert plassert i kategori 2 ”.

.....

I arealdel av kommuneplanen vil anlegget liggja i LNF-område. I utgangspunktet er inngrepa difor i strid med føremålet for området. Det er ingen særskilde verdiar eller kvalitetar i området som er verna gjennom arealdelen. Det er heller ingen føresegner eller retningsliner i kommuneplanen som seier noko spesielt om slike tiltak.

.....

Vurdering av miljøkonsekvensar

Dei framlagte planane vart plassert i gruppe 4, kategori I i Samla plan. Utbygginga er vurdert til å ha små til middels negative konsekvensar for området. Samstundes er verdien av området vurdert til å vera liten i høve til naturvern, vilt og fisk, middels i høve til friluftsliv og høg verdi i høve til kulturminnevern.

I søknaden er det gjort ei ny vurdering av konsekvensar for området. Utforming og plassering av anlegget er justert med omsyn til kulturminnevern, slik at det ikkje kjem i konflikt med busetnaden ved Dalssetri. I tillegg vil ikkje stølsvegen mellom Kjetland og Dalselvi verta påverka. Dei negative effektane vil framleis vera tørrlegging av Dalselvi i periodar som kan verka forringande på vasstilknytta kulturminne (kvernhus ved elva). Vidare vil kraftlina frå kraftstasjonen over dyrka mark og Haugsdalselvi verta eit nytt element i landskapet.

I søknaden vert det sagt at: ”Redusert vassføring, røyrgate og anleggsveg vil forringa landskapet, men om skogen i området ikkje vert hogd vil endringane verta relativt lite synlege.

Skogen i området vil skjerma traktorveg/røyrgate på austsida av elva frå innsyn frå turvegen langs vestsida av Dalselvi” Men kommunen har allereie godkjend traktorvegen for uttak av skog i området. Søknaden om landbruksveg vart grunngjeve med 80 % interesse for skogbruk og 20 % for anna formål. Difor er føresetnaden om at skogen kan skjerma landskapsinngrepa ikkje til stades. Som avbøtande tiltak vert det sagt i søknaden at: "Dersom skogen i området langs røyrkata og traktorvegen vert hogd vil traseen bli meir synleg og dermed meir skjemma som landskapsinngrep. Det er forutsett å grave ned røyret, for å avgrensa landskapsinngrepet”

I høve til naturvern kommenterar søknaden at prosjektområdet ligg i "inngrepsnær sone", dvs. mindre enn 1 km frå næraste tyngre inngrep. Men det vert ikkje sagt noko om at anlegget også påverkar dei andre sonane i fjellheimen. Inngrepet vil medføra ei reduksjon i "villmarksprega område", som pr. definisjon ligg meir enn 5 km frå næraste tyngre tekniske inngrep. Det vil likevel vera formildande omstende på grunn av at anlegget ligg nede i ein djup dal og i praksis ikkje påverkar det faktiske "villmarksområdet" på høg fjellet.

.....

Vurderingar

Kommunen må sjå på anlegget i eit heilheitleg samfunnsmessig perspektiv. I utgangspunktet bidreg kraftverket lite til kommunal økonomi, men kan styrka grunnlaget for lokal busetnad. Dette må igjen sjåast opp i mot andre verdiar, t.d. urørt natur og kulturminne. Under handsaming av Samla Plan, gjekk kommunestyret inn for at m.a. Kjetland kraftverk ikkje kan konsesjonssøkjast. Kommunen var med andre ord i mot utbygginga, jf. vedtak dagsett 22.06.00. Rådmannen meiner difor at Masfjorden kommune bør visa konsekvent og forutsigbar haldning i slike saker og tilrår difor at ein går i mot utbygging. Dersom kommunen skiftar meining, vert det vanskeleg å grunngje.”

I fast utval for plansaker vart likevel følgjande forslag til uttale einstemmig vedteke:

”Kjetland kraftverk er no plassert i alternativ B2, gruppe 4, kategori 1, og kan søkja om konsesjon.

Søknaden er redusert (minste alternativet) i høve til det som låg i Samla plan. Det omsøkte området ligg nederst i Kjetlandsdalen og berører ikkje Fjonfjella direkte. Anlegget vil i praksis ikkje påverka "villmarksområdet" på fjellet. I den grad elvekraftverk er tillete, må dette vera av dei mest skånsame og minst konfliktfylte ein har.

Det vil verka underleg med dei store utbyggingar og tunge inngrep som har vore gjennomført i nære fjellområder, om dette med lokale interesser og ingen ulemper skulle verta avvist. Dette så lenge ein ikkje berører fjellområda, og heller ikkje har nivåreguleringar på elva.

I høve til Samla plan, er inntaket flytta ned frå kote 332 til kote 205, og kraftstasjonen er flytta opp til overkanten av innmarka. Konsekvensane for fjellplatået er difor minimale.

Utbygginga vil ikkje vera til hinder for vilt, og elva er ikkje fiskeførande. Der er ingen særskilde verdiar eller kvalitetar, men området har snart hogstmoden gran og mykje eldre bjørkeskog. Ein kan ikkje sjå at utbygginga grip inn i noko særskilt kulturlandskap. Den er heller ikkje til hinder eller sjenanse for friluftslivet.

Masfjorden kommune har i mange år hatt negativ folketalsutvikling. Ei slik begrensa utbygging som dette, kan vera med på å styrka busetnaden då tre gardsbruk er med. Grunneigarane får

utnytta litt av dei naturgjevne ressursane på eigedomane sine. Økonomien i tradisjonelt landbruk er svekka, og det er difor oppfordra til å utnytta eit breiare spekter av dei ressursane som ligg til gardsbruka. Traktorvegen inn i området er positiv for å ta ut ved og tømmer.

Det må leggjast opp til at det vert nytta skjerna kabel i (luft) frå kraftstasjonen til fordelingsnett.

Masfjorden kommune tilrår etter ei samla vurdering at det vert gjeve konsesjon for utbygging til Kjetland kraft verk.”

Dette forslaget vart einstemmig vedteke i kommunestyret 21.02.2002.

Fylkesutvalet i **Hordaland fylkeskommune** vedtok 07.03.02 einstemmig å rå til at konsesjon vert gjeven.

I saksutgreiinga til Fylkesrådmannen vart det likevel rådd ifrå å gje løyve til utbygginga. Vi tek med nokre utdrag frå denne:

”Fjonnfjella som viktig regionalt friluftslivområde

Fjonnfjella er i handlingsprogram for friluftsliv i Hordaland (1988) rekna som ”større turområde av nasjonal, regional eller lokal verdi”. Verdien som friluftsområde er også fastslått i kommuneplanen for Masfjorden, der fjellområdet er vist som ”LNF-område med verdi som sær viktig friluftsområde”.

.....

Det omsøkte tiltaket ligg altså i randområdet til eit i stor grad urørt fjellområde med verdi som regionalt og lokalt friluftsområde. For friluftslivet vil urørt natur vera eit viktig opplevingselement. Nye tekniske anlegg i randområdet, i dette høvet traktorveg og inntaksdam, vil flytta grensene for kva som er urørt område og dermed forringa naturopplevinga.

Når det gjeld tilgjenge går det i dag stii på vestsida av Dalelvi og denne vil ikkje verta berørt. Sjølv om ny traktorveg langs røyrtasèen kan skapa lettare tilgjenge, vil dette neppe veia opp for den negative verknaden av det tekniske inngrepet.

Dersom det vert gjeve konsesjon for tiltaket, vil det i alle høve vera avgjerande for framtidig oppleving av natur og landskap at røyrgata vert gravd ned, at skogen vert bevart og at vegen vert lagt skånsamt i terrenget.

Inngrepsfrie område:

Å oppretthalde større inngrepsfrie naturområde er viktig både ut frå å ta vare på naturen som leveområde for ulike planter og dyr, og som rekreasjonsområde for menneska.

.....

Det er ikkje mange større samanhengande inngrepsfrie naturområde att i Hordaland, og Masfjordfjella er det einaste området i Nordhordland der det også er klassifisert villmark.

.....

Det inngrepsfrie naturområdet vil bli noko redusert, deler av område kategorisert som villmark (> 5 km frå inngrep) vil endre status til inngrepsfri sone 1 (3-5 km frå inngrep), og delar av areal med sone 1 vil endre status til sone 2 (1-3 km frå inngrep). Tiltaket må slik vurderast å få

konsekvensar for eit større samanhengjande inngrepsfritt område, sjølv om dei fysiske tiltaka er planlagt innfor inngrepsnært område.

Kulturmiljø/kulturlandskap

Tiltaket vil ha negative konsekvensar for kulturlandskapet. Det aktuelle området er ikkje vurdert å ha nasjonal eller regional verdi som kulturlandskap, som er elementa som vert vektlagt i retningsline A3.

I fylkeskommunen sine arkiv er det ikkje gjort registreringar av automatisk freda kulturminne i området.

....

Det kan likevel vere uregistrerte fornminne i området. Om tiltaket får konsesjon må det setjast følgjande vilkår: "Dersom funn eller konstruksjonar kjem fram i samband med gravearbeid, må arbeidet stansast og fylkeskonservatoren få melding for ei nærare gransking på staden, jfr. Lov om kulturminner § 8, 2 ledd."

.....

Totalvurdering

Tiltaket er ikkje stort korkje i omfang energimessig eller i fysiske tiltak, men lokaliseringa i randsona til eit av dei få større samanhengjande inngrepsfrie naturområda, som også er vurdert som eit regionalt viktig område for friluftsliv, gjer at tiltaket må vurderast å ha negative verknader for viktige regionale interesser, og oppfyller ikkje i tilstrekkeleg grad mål nr 3 om at ny energiproduksjon må ta omsyn til miljø og arealinteresser.

Utbyggjarane er i dette tilfellet grunneigarar som vektlegg at utbygging i lokal regi vil vere ei styrking av lokalsamfunnet både næringsmessig og gjennom utvikling av lokal kompetanse, framfor om ein større ekstern utbyggjar skulle utføre tiltaket. Desse momenta kan vurderast som å støtte opp om energimål nr 5 om kompetanse, og energimål nr 6 om grunnlag for næring.

Denne saka inneber at ein må avvege lokal næringsutnytting og kompetanseutvikling mot miljø og arealinteressa knytt til friluftsliv, større inngrepsfrie område og kulturlandskap. Det er eit fåtal av større inngrepsfrie naturområde i Hordaland med område som klassifiserar som villmark, og desse har ein eit særskilt ansvar for å ta vare på. Fleire av desse områda kan umerkeleg forsvinne ved at ein over tid tillet ulike større eller mindre inngrep i randsona og slik let områda krympe til dei ikkje lenger kan reknast som villmark eller større samanhengjande inngrepsfrie område. Eg meiner at dei positive sidene ved lokal verdiskaping for grunneigarane og den avgrensa energiproduksjonen ikkje kan vege opp for konsekvensane for inngrepsfri natur i eit viktig regional friluftsområde."

Om tiltaket likevel vert gjeven konsesjon, bør det setjast som vilkår at røyrgata vert grave ned, skogen vert bevart og traktorvegen tilpassa terrenget. Vidare må det inngå vilkår som sikrar omsyn til automatisk freda kulturminne.

Fylkesmannen i Hordaland har desse synspunkta i brev av 22.03.02:

"Fylkesmannen rår til at konsesjon vert gjeven, og foreslår samstundes vilkår om minste restvassføring og tilpassing av andre terrenginngrep for å minimalisera verknadene av utbygginga.

.....

Konsekvensar av utbygginga

Naturvern

Fattig berggrunn gjer at området truleg har avgrensa botanisk variasjon og mangfald, slik det stort sett også er i resten av regionen. I og med at prosjektet grensar inn til eit av dei få attverande fjellområda i regionen som ikkje alt er påverka av kraftutbygging vert referanseverdien av området dermed større.

Som det går fram av vedlagde kartutsnitt, er inntaket til dette prosjektet plassert slik at det ligg like inntil grensa for inngrepsfrie område (med 1 til 3 km avstand til større tekniske inngrep). Å ta vare på slike inngrepsfrie område er eit høgt prioritert sentralt miljømål.

Det er difor viktig, slik det også står i søknaden, at situasjonen m.o.t. tyngre tekniske inngrep ikkje endrar seg som følge av utbygginga. I praksis vil dette seia at inntaksrøyret vert grave ned og at veg fram til inntaket vert bygt med så små terrenginngrep som mogleg.

Friluftsliv

Konsekvensane for friluftslivet er først og fremst at opplevingsverdien av elvestrekningen som får minska vassføring vert redusert. På den andre sida kan det tenkjast at vegen inn til inntaket vil gjera områda innanfor lettare tilgjengelege for å driva friluftsliv.

Fisk

Utbyggingsområdet har ikkje vesentlege konflikhtar med fiskeinteressene. Det viktigaste punktet vil truleg vera kva som skjer med vassføringa i Haugdalselva, som er ei viktig sjøaureelv, ved start og stopp i kraftverket. Dersom det er rett slik det står i søknaden, at vannstanden i inntaksdammen skal haldast konstant, vil det vera små, negative konsekvensar for lavvassføringa i Haugdalselva. Det kan også vera eit poeng at det vert sikra ei lita minstevassføring uansett, for å oppretthalda biologisk liv og eit godt estetisk inntrykk av Daleelva.

Forureining

Utbygginga vil ikkje endra forureiningssituasjonen i vassdraget i særleg grad.

Konklusjon

Fylkesmannen syner til det som er sagt ovanfor og **rår til:**

- At Kjetland Kraft får konsesjon for utbygging av kraftverk i Dalelva slik omsøkt.

Vi vil foreslå at følgjande **vilkår** vert vurderte tekne inn i en konsesjon:

- At utbyggjar vert pålagt å alltid halda ei minste restvassføring i Dalelva.

- At inntaksledning vert graven ned.

- At inntak og veg fram til inntaket vert lagt og utforma med særleg vekt på landskapstilpassning og minimalisering av terrenginngrep.”

Direktoratet for naturforvaltning (DN) har kome med følgjande uttale av 28.02.02:

”Ut fra en helhetsvurdering mener DN det er tilrådelig å gi konsesjon til bygging av Kjetland kraftverk i Haugdalsvassdraget, under forutsetning at det etableres en minstevannføring fra inntaksbassenget. DN mener at minstevannføringen må tilfredsstille beregnet alminnelig lavvannføring på 0,10 m³/s for å sikre allmenne interesser. Størrelsen og omfanget på

minstevannføringen kan fravikes dersom tilstrekkelig dokumentasjon framlegges slik at forvaltningen kan gjøre en konkret vurdering av behovet for minstevannføring.

.....

DNs vurderinger

I tråd med gjeldende lovverk for vannkraftverk i denne størrelsesorden har konsesjonssøker fått utarbeidet en konsesjonssøknad uten en fullstendig konsekvensutredning. Det foreligger således ingen utfyllende dokumentasjon av biologisk mangfold (vilt, dyre- og plantelivet) i og langs den berørte elvestrekningen. Betragtningene i konsesjonssøknaden er i stor grad gjort ut i fra generelle betraktninger. Søker trekker selv fram at redusert vannføring vil forringe landskapsopplevelsen, virke forringende på kulturlandskapet og kulturminner tilknyttet vassdraget, samt være negativt for friluftsoopplevelsen.

Det søkes her om en del av en mulig større utbygging. Den foreliggende søknaden er noe endret i forhold til det som ble behandlet som alternativ B2 i Samla plan. DN vurderer konfliktene med det søkte alternativet som sammenlignbare med konfliktvurderingene av alternativ B2 i Samla plan. DN mener generelt det er uheldig å bygge ut stykkevis og delt, isteden for å behandle saker samlet.

DN savner en konkret vurdering av behovet for avbøtende tiltak og minstevannføring spesielt i søknaden. I henhold til Vannressurslovens § 10 er hovedregelen at minst alminnelig lavvannføring skal være tilbake. Fastsetting av minstevannføring skal avgjøres etter en konkret vurdering, med bl.a. vekt på å sikre vannspeil, vassdragets betydning for plante- og dyreliv, vannkvalitet og grunnvannsføremster. Dersom grunnlaget for en konkret vurdering ikke er tilstede, slik som i denne saken, bør det ikke være anledning til å fravike det generelle kravet. Ut fra de ansvarsområdene som DN er satt til å forvalte, er det opplagt at utbygger må ha ansvar for å dokumentere et fravær av konflikter (evt. at verdiene er så små at de kan vike til fordel for den samfunnsøkonomiske gevinsten av kraftproduksjon).

DN vil derfor kreve at alminnelig lavvannføring (beregnet til 0,10 m³/s) slippes som minstevannføring fra inntaksbassenget over året etter en evt. utbygging i Dalelvi, for å ivareta allmenne interesser. Minstevannføring sammen med flommer ved vannføring over slukeevnen på 1,5 m³/s er essensielle styrende hydrologiske prosesser i elva som forhåpentligvis vil gjøre utbyggingen bærekraftig forsvarlig. Vi mener imidlertid at kravet kan fravikes dersom det dokumenteres tilstrekkelig at slipping av mindre vann i deler av eller hele året ikke kommer i konflikt med hensynet til biologisk mangfold spesielt. I denne sammenhengen er vi absolutt åpne for at kravet om minstevannføring kan variere over året. DN kan være behjelpelig med å definere hva som er nødvendig av undersøkelser og dokumentasjon, bl.a. knyttet til kompetanse hos de som evt. skal foreta en undersøkelse dersom utbygger ønsker det.

DN's tilråding

DN mener at en årssikker minstevannføring tilsvarende alminnelig lavvannføring (0,10 m³/s) må etableres over året, sluppet fra inntaksmagasinet ved en evt. utbygging i Dalelvi. Størrelsen og omfanget på minstevannføringen kan fravikes dersom tilstrekkelig dokumentasjon framlegges, slik at forvaltningen kan gjøre en konkret vurdering av inngrepet. DN mener at det kan gis tillatelse til bygging av Kjetland kraftverk, gitt at tilstrekkelige avbøtende tiltak etableres. DN ber om at standard vilkår for naturforvaltning gjøres gjeldende som en del av konsesjonsvilkårene, selv om det på nåværende tidspunkt synes lite aktuelt å pålegge utbygger å gjennomføre tiltak med hjemmel i vilkårene.”

Statens Vegvesen, Hordaland (19.03.02) har ingen merknader til sjølve søknaden, men peiker på at både kommune- og fylkesvegen, som må nyttast for å komme til Kjetland, er registrert som veg med bæreevne 10 tonn og vognlengde 18,75 meter. Dessutan at største tillete totalvekt for spesialtransport med følgjebil er 65 tonn på fylkesvegen p.g.a. bruene.

Bergvesenet (12.12.01), **Kystverket** (21.01.02) og **Fiskeridirektoratet – region Hordaland** (05.02.02) har ingen merknader til søknaden.

Søkjjar sine kommentarar til fråsegnene

Søkjjar har i brev av 24.06.02 følgjande kommentarar til dei innkomne fråsegnene:

”Viser til brev frå NVE datert 2002-04-03, der fråsegn til utbygging av Kjetland kraftverk er samla, og Kjetland Kraft AS er bedt om å gi kommentar med assistanse frå NVK Vandbyggningskontoret. Søkjjar kommenterer dei høyringsfråsegna han meiner krev en kommentar, andre fråsegn vil ikkje bli kommentert.

1. Masfjorden kommune

Utdrag frå høyringsfråsegn: ’Det må leggjast opp til at det vert nytt skjerma kabel i (luft) frå kraftstasjonen til fordelingsnettet.’

Søkjjar sin kommentar: Prosjektet var i søknaden inne med ein omlag 170 m lang luftleidning (ikkje skjerma) frå transformatoren ved kraftstasjonen til eksisterande fordelingsnett.

2. Direktoratet for naturforvaltning

Utdrag frå høyringsfråsegn: ’Ut fra en helhetsvurdering mener DN det er tilrådelig å gi konsesjon til bygging av Kjetland kraftverk i Haugsdalvassdraget, under forutsetning at det etableres en minstevannføring fra inntaksbassenget. DN mener at minstevannføringen må tilfredsstillende beregnet alminnelig lavvannføring på 0,10 m³/s for å sikre allmenne interesser. Størrelsen og omfanget på minstevannføringen kan fravikes dersom tilstrekkelig dokumentasjon framlegges slik at forvaltningen kan gjøre en konkret vurdering av behovet for minstevannføring.’

Søkjjar sin kommentar: Søkjjar har sett nærare på kva verknad slepping av minstevatn har for det biologiske miljøet i elvestrekningen frå inntaket til kraftstasjonen. Ei vurdering knytta til sleppng av minstevatn i Daleelvi er lagt ved dette brevet. Utdrag av konklusjonen til denne vurderinga:

’Det er ingen tvil om at minstevannføring i mange tilfeller er et svært viktig avbøtende tiltak, og ofte en forutsetning for at en utbygging kan gjennomføres. Imidlertid er det åpnet for å kunne vurdere kravet til minstevannføring fra sak til sak, slik at man kan gjennomføre en differensiering av kravet til minstevannføring utfra områdenes verdi og effekten av la en viss mengde vann fortsatt renne i elveleiet.

Ut fra vår lokalkunnskap om Kjetland og Dalelvi, basert på bl.a. kontakt med lokalbefolkning, befaring i felt, registrering av landskap, vegetasjon, fauna, friluftsliv m.m., vurderer vi situasjonen dithen at dette prosjektet har en svært lav konfliktgrad i forhold til nevnte interesser, og at behovet for, og effekten av, minstevannføring er liten.

Informasjonen i denne rapporten gir forhåpentligvis NVE grunnlag for å kunne ta en beslutning på om kravet til minstevannføring kan fravikes.'

3. Hordaland fylkeskommune

Utdrag frå høyringsfråsegn: '.. det bør setjast som vilkår at røyrgata vert grave ned og traktorvegen tilpassa terrenget.'

Søkjar sin kommentar: Søkjar vil grave ned røyrgata, slik det står i søknaden. Det vil og vere den einaste teknisk/økonomiske løysinga. Terrenget ikring røyrgata vil så bli jamna ut med stadlege massar med vekt på landskapstilpassing, og traktorvegen tilpassa dette.

4. Statens vegvesen Hordaland

Inga særskilde fråsegn om søknaden som krev kommentar frå søkjar.

5. Fylkesmannen i Hordaland

Utdrag frå høyringsfråsegn: Fylkesmannen foreslår følgjande vilkår til ein konsesjon: '- At utbyggjar vert pålagt å alltid halde ei minste restvassføring i Daleelva; - At inntaksleidning vert graven ned; - At inntak og veg fram til inntaket vert lagt og utforma med særleg vekt på landskapstilpassing og minimalisering av terrenginngrep.'

Søkjar har kommentert fråsegna som Fylkesmannen nemner i tidlegare avsnitt i dette brevet.

Vi trur at med desse opplysningane har NVE er eit godt fundament til å ta ei riktig avgjerd, med tanke på om det skal gjevast konsesjon og ei eventuell utforming av vilkår til konsesjonen. Er det noko som likevel noko informasjon som manglar, så er Kjetland Kraft AS klare for å svare på spørsmål."

Som nemnt i brevet har NVK Vandbygningkontoret utarbeida eit notat som tek føre seg behovet for minstevassføring på den berørte elvestrekninga. Dette notatet var lagt ved kommentarane. I tillegg til ei vurdering av minstevassføring i forhold til flora, fauna, landskap, friluftsliv, jakt og fiske og kulturminner/kulturlandskap er det gjort utrekningar som viser kva ulike minstevassføringar vil tyde i tapt årleg inntekt for utbyggjaren. Vi siterer ikkje meir frå dette enn NVK sjølv har gjort i kommentarane sine.

NVE sine merknader

Innleiing

Kjetland Kraft AS har søkt om konsesjon for bygging av Kjetland kraftverk i Dalelvi i Masfjorden kommune. Selskapet er stifta med grunneigarane og Nyborg Invest AS som hovudaksjonærar med føremål å bygge og drive Kjetland kraftverk. Bakgrunnen er at grunneigarane på Kjetland ynskjer å nytte dei naturgejevne ressursane som høyrer til eigedomane.

Det er søkt om konsesjon etter vassressurslova, energilova og forureiningslova for bygging av kraftverket etter dei framlagde planane, installering av elektriske anlegg og for utslepp i samband med utbygginga.

Eksisterande inngrep i vassdraget

Dalelvi er ei lita sidegrein av Haugsdalselva. Haugsdalselva startar i Stølsheimen, renn mot vest/sørvest og har utløp i Matrefjorden. Hovudvassdraget er sterkt regulert, og vatnet blir nytta i Vemundsbotn og Matre kraftverker. Det er derimot ingen utbyggingar i nedre/vestre del av vassdraget. Ved samanløpet mellom Dalelvi og Haugsdalselva ligg garden Kjetland med tilhøyrande jordbruksareal. Langs Haugsdalselva forbi Kjetland går ein kommunal veg og ein 22 kV kraftline. Dalelvi kjem inn frå sør, ned Kjetlandsdalen, og er altså uregulert og utan tidlegare kraftutbygging. På vestsida av Dalelvi går det ein sti opp til Dalesetri, som er den eine av to stølar øvst i Kjetlandsdalen.

Fjellområdet sør for Kjetland er klassifisert som inngrepsfritt område. Inntaket til Kjetland kraftverk ligg inntil grensa for det området som definert som inngrepsfritt.

Uavhengig av planane om kraftutbygging har kommunen gitt løyve til bygging av traktorveg eit stykke innover i Kjetlandsdalen.

Omsøkt plan

Kjetland kraftverk vil bli eit elvekraftverk, og vil nytte eit fall på 130 m frå ca. kote 205 til ca. kote 75 nedst i Kjetlandsdalen.

Ved inntaket er det planlagt ein ca. 3 m høg dam. Eit lite areal vil bli demt ned og overflata på inntaksbassenget vil bli ca. 0,5 daa. Frå bassenget vil det bli laga ein 50 m lang inntakskanal til eit inntakshus.

Røyrkata vil bli lagt på østsida av elva, og vil om mogleg bli gravd ned langs heile strekninga. Vassvegen vil få ei lengde på ca. 900 m og ein diameter på ca. 0,8 m. Det vil bli laga ein traktorveg langs røyrtraséen som tilkomst til inntaket. Som nemnt vil denne veggen bli bygd uavhengig av ei kraftutbygging, for uttak av tømmer.

Sjøelve kraftstasjonen vil bli eit bygg i dagen på austsida av Dalelvi, øvst på innmarka på Kjetland. Bygget er planlagt i tradisjonell stil med treoverbygg, og transformator på utsida. Frå stasjonen og ut i elva vil det bli ein 30 m lang avløpskanal. Tilkomsten vil bli over eksisterande gardsbru over elva og 50 m jordbruksveg over innmark, som blir rusta opp fram til stasjonsbygget.

Kraftverket er tenkt knytt til eksisterande 22 kV kraftleidning via eit 170 m langt luftleidning frå kraftstasjonen.

Kraftverket sitt nedbørsfelt er på 7 km², og middelvassføringa er berekna å vere 0,79 m³/s. Alminneleg lågvassføring er berekna til 0,10 m³/s, 12,9 % av midlare vassføring. Det er planlagt ein installasjon på 1,5 MW fordelt på to horisontale Francis turbinar med yting på 1,0 MW og 0,5 MW og ei samla maksimal slukeevne på 1,5 m³/s. Midlare restvassføring like oppstraums avløpet frå kraftstasjonen er berekna til 0,17 m³/s, eller 18 % av naturleg middelvassføring. Dette vatnet vil komme i flaumperiodar, då ein vil få overløp over inntaksdammen. Elles vil kraftverket nytte alt tilsiget, og den berørte elvestrekninga vil vere så og seie tørrlagt. Det er ikkje foreslått å sleppe minstevassføring.

Fallrettar og grunneigarforhold

Det er grunneigarane og fallrettshavarane sjølv som er hovudaksjonærar i Kjetland Kraft AS. I tillegg vert ein annan grunneigar berørt av tilknytningslinja. Ein vil i fyrste omgang søkje å komme til minneleg avtale om dette, men det er søkt om løyve til oreigning dersom dette ikkje lukkast.

Kraftproduksjon og kostnader

I søknaden er det berekna ein middelproduksjon på 6,3 GWh/år. Dette er fordelt over året med 2,4 GWh om sommaren og 3,9 GWh om vinteren. Total utbyggingskostnad er berekna til 11,7 mill. kr. som svarar til 1,86 kr/kWh. NVE har gjennomført ein enkel kontroll av søkjar sine utrekningar, og våre resultat ligg om lag på same nivå som søkjar sine tal.

NVE har funne at fastkraftbidraget vil bli 5,0 GWh/år. Fastkraftkostnaden vert då 19,0 øre/kWh. Midlare fastkraftkostnad for attverande tilgjengeleg vasskraft er 23 øre/kWh. Ut ifrå ein rein teknisk/økonomisk vurdering er utbygginga såleis relativt rimeleg. I denne vurderinga er det ikkje teke omsyn til konsekvensar for natur, miljø, verknad for sysselsetting o.s.b. I tråd med energilova er det utbygger sit eige ansvar å vurdere den bedriftsøkonomiske lønsemda.

Forholdet til Samla Plan

Det omsøkte prosjektet er ei noko endra utgåve av alternativ B2 i Vassdragsrapport nr. 25 (DN 1999) om prosjekter i Haugsdalsvassdraget. Alternativet vart plassert i kategori 1 i Samla Plan og det er difor opent for å søke konsesjon for dette alternativet.

I høve til Samla Plan er inntaket flytta frå kote 332 til kote 205, kraftstasjonen er flytta opp til overkanten av innmarka, og utløpet frå avløpskanalen går inn til Dalelvi i staden for Haugsdalselva. Det omsøkte alternativet berører difor mindre område enn Samla Plan-alternativet.

Ved å redusere omfanget av utbygginga vert miljøkostnadene redusert og utbyggingskostnaden vert av ein slik storleik at grunneigarane sjølv kan vere hovudeigarar av kraftverket. Resterande ressurs kan framleis nyttast ut til ein akseptabel kostnad, dersom ein seinare finn at det er behov for dette.

Verknader av tiltaket

Fordelar

Søkjar har berekna at Kjetland kraftverk vil gje 6,3 GWh i årleg middelproduksjon til ein rimeleg kostnad. Lokalt vil kraftverket medverke til å sikre næringsgrunnlaget for gardsbruka på Kjetland, og dermed styrke grunnlaget for vidare drift av desse og busetting på staden.

Skader og ulemper

Det vil bli kraftig redusert vassføring på den ca. 900 m lange berørte elvestrekninga. Røyrsgata og traktorvegen ved sida opp mot inntaket vil bli eit permanent inngrep som vil vere synleg frå vegen langs Haugsdalselva.

Tiltaksområdet grenser til inngrepsfrie naturområde.

Vurdering av andre

Vi viser til uttalene som er referert ovanfor i notatet. For å gje eit inntrykk av høyringa har vi gjort ei kort oppsummering av hovudpunkta i uttalene:

Masfjorden kommune vedtok einstemmig å tilrå at det vert gjeve konsesjon for bygging av Kjetland kraftverk. Kommunen meiner at utbygginga må vere av dei mest skånsame og minst konfliktfylte ein har, all den tid tiltaket ikkje berører Fjonfjella direkte og det ikkje er planlagt noko reguleringsmagasin. Kommunen legg stor vekt på styrking av busetnaden og lokal ressursutnytting. Vi nemner òg at rådmannen rådde til å gå imot utbygging då forhistoria til prosjektet er at Masfjorden kommune 22.06.00 uttalte at heile området som Kjetland er ein del av burde plasserast i kategori 2 i Samla Plan.

Hordaland Fylkeskommune tilrår einstemmig at det vert gjeve løyve til å bygge Kjetland kraftverk. Fylkesrådmannen gjekk imidlertid imot å gje konsesjon til utbygging. Hovudgrunnen var dei negative konsekvensane han meiner det vil få for inngrepsfri natur og friluftsliv.

Fylkesmannen i Hordaland rår til at konsesjon vert gjeven, og foreslår at det vert sett vilkår om minstevassføring. Fylkesmannen er òg oppteken av god landskapstilpassing. Fylkesmannen ser ingen vesentlege konflikhtar verken med naturvern, friluftsliv, fisk eller forureining, men peiker på at utbyggingsområdet ligg like inntil grensa for inngrepsfrie område og at ein må ta omsyn til dette ved vidare planlegging av anlegget.

DN meiner det er tilrådeleg å gje konsesjon til bygging av kraftverket, men krev at det vert sett vilkår om minstevassføring lik alminneleg lågvassføring. Dei opnar likevel for at dette kravet kan fråvikast dersom det kan dokumenterast at det ikkje er behov for minstevassføring av eit slikt omfang.

Andre har ikkje hatt nokre merknader til søknaden.

NVE si vurdering og konklusjon

Kjetland ligg i Haugsdalen, langs ein mindre, kommunal veg som går i ei sløyfe frå E39 frå Matre, inn langs Matrefjorden og fylgjer så Haugsdalen tilbake til E39. Utbyggingsområdet er godt synleg frå vegen. Sjølve anlegget vil likevel truleg bli lite framtrudande. Røyrsgata og traktorvegen som vil gå langsmed denne vil bli dei klart største landskapsinngrepa. Frå inntaket og ned til kraftstasjonen vil røyrsgata fyrst gå gjennom relativt tett bjørkeskog og på nedste delen gjennom tett, planta granskog. Så sant skogen ikkje vert hogd vil difor røyrsgata bli lite synleg utan frå eit avgrensa strekk av vegen. Den vil heller ikkje vere synleg frå stien som går på andre sida av Dalelvi.

Skogen gjer òg at sjølve den berørte elvestrekninga ikkje er noko sentralt landskapselement. Etter NVE si vurdering vil det ha avgrensa negative verknader for landskapsopplevinga dersom vassføringa på dette strekket vert borte.

Ein må likevel rekne med at det vil bli utført hogst i området. Uavhengig av søknaden om kraftutbygging har Masfjorden kommune gjeve løyve til ein traktorveg innover Kjetlandsdalen for

uttak av tømmer. Dersom skogen vert hogd vil kraftanlegget bli meir synleg. Men etter NVE sitt syn fører moderne skogsdrift i seg sjølv med seg minst like store negative verknader for naturlandskapet som ei mindre kraftutbygging. Skogsdrift vil òg vere eit tiltak av mellombels karakter, då skogen etter kvart vil vekse opp att. NVE legg difor ikkje avgjerande vekt på dette i høve til konsesjonsspørsmålet for Kjetland kraftverk.

Etter ei samla vurdering meiner NVE at den omsøkte utbygginga vil få moderate negative verknader for landskapet.

Fylkesmannen seier at Haugsdalselva er ei viktig sjøaurelv. For sjøaure er sidebekker og –elver ofte viktige produksjonsområde. Verken søknaden eller høyringsuttalene nemner noko om kor viktig Dalelvi er i denne samanhangen. Strekninga som potensielt kan vere av ei viss verdi for reproduksjon av sjøaure er ganske kort, og nesten heile denne strekninga vil ligge nedanfor utløpet av kraftverket. Samstundes veit vi at Haugsdalselva er sterkt påverka av forsuring og regulering. NVE meiner difor at Dalelvi truleg har avgrensa verdi for sjøaure. Nesten heile strekninga som er aktuell for sjøaure vil dessutan få tilnærma uendra vassføring.

Strekninga mellom inntak og utløp av kraftverket har òg liten verdi for fisk. Det skal vere noko bekkare nedst i Dalelvi, men søkjar opplyser at det ikkje vert utført noko fiske etter denne. Ingen av høyringspartane har nemnt noko om fiskeinteresser i Dalelvi. NVE kan difor ikkje sjå at fisk og fiskeinteresser kan vere avgjerande for konsesjonsspørsmålet.

Verken i søknaden eller under høyringa har det kome fram opplysningar om spesielt verdifulle artar av dyr eller planter som er knytt til utbyggingsområdet. Søkjar har lagt fram ei enkel undersøking av mellom anna flora og fauna langs Dalelvi. Det vart ikkje funne sjeldne eller truga artar. Bortsett frå fossefall og strandsnipe vart det heller ikkje påvist artar som er spesielt knytt til rennande vatn. Undersøkinga er imidlertid konsentrert på naturtype-nivå og ikkje på artsnivå, og vannlevende insekter er ikkje vurdert. Når det gjeld biologisk mangfald er det truleg artar som lever i sjølve elva, som vannlevende insekter, som vil bli mest negativt påverka av utbygginga. Ein må imidlertid kunne rekne med at desse artane finst elles i vassdraget. Det synest altså ikkje å vere knytt spesielle biologiske verdiar til den berørte elvestrekninga. NVE meiner difor at omsyn til biologisk mangfald ikkje er noko vesentleg moment i spørsmålet om det kan gjevast konsesjon.

Alle høyringspartane meiner det er tilrådeleg å gje konsesjon til Kjetland kraftverk, men dei fleste har nemnt nærleik til inngrepsfri natur som noko negativt, anten i vedtaket eller i forarbeida. Det er tydeleg at fjellområdet som vert kalla både Masfjordfjella og Fjonfjella vert sett på som verdifullt. Ringverknader av utbygginga vil vere at mindre areal i dette fjellområdet vil endre status etter DN sin klassifiseringsmetode, og vil bli flytta ei klasse ned. Etter DN sin metode vil desse områda få lågare verdi. NVE meiner likevel at ein må sjå på dei konkrete, fysiske verknadene. Fjellområdet vil ikkje bli direkte berørt av utbygginga. Vi meiner at den reelle verdien av dette fjellpartiet som tur- og friluftslivområde ikkje vil bli forringa sjølv om ein får eit inngrep i randsona. Kjetlandsdalen er heller ikkje framstilt som nokon innfallspurt til fjellet. Vår oppfatning er at nærområdet rundt Kjetland er lite brukt til tur- og friluftsliv, og at i den grad det brukast er det nesten berre av lokale innbyggjarar. Dei fastbuande meiner at stien innover Kjetlandsdalen vert brukt av eit 20-tals personar kvart år, og då i sommarhalvåret. NVE meiner difor at verknader for friluftsliv eller inngrepsfrie områder ikkje kan vere avgjerande argument i denne saka.

Kommunen ser inga ulemper ved tiltaket, og legg vekt på at det er lokale interesser som står bak. Dei peiker på at økonomien i tradisjonelt landbruk er svekka, og at utbygginga kan vere med å styrke grunnlaget for busetnad på gardane som er med i prosjektet. NVE oppfattar det slik at den lokale motstanden som måtte ha vore til bygging av Kjetland kraftverk har minka sterkt eller forsvunne, då

inntaket no er flytt frå kote 332 til kote 205 i høve til Samla Plan. Dette utgjer ca. 1 km i luftline, og lengda på berørt elvestrekning er om lag halvert. NVE ser det òg som positivt at det lokale næringsgrunnlaget og grunnlaget for busetnad vert styrkja. I ein sak av denne storleiken legg vi stor vekt på lokal haldning.

Konklusjon

NVE meiner at fordelane for private og allmenne interesser er større enn ulempene, jf. § 25 i lov om vassdrag og grunnvatn. Vi gir difor Kjetland Kraft AS løyve til bygging av Kjetland kraftverk etter § 8 i samme lov og på dei vilkår som fylgjer vedlagt.

Dette vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova. Det er òg søkt om løyve etter forureiningslova til utslepp i samband med bygginga og etter energilova til installasjon av elektriske høgspenning og ein 170 m lang luftleidning fram til eksisterande linjenett. Ingen av høyringspartane har kommentert denne delen av planen, og etter NVE sitt syn fører ikkje desse anlegga med seg skader og ulemper av eit slikt omfang at det er avgjerande for om ein kan tillate utbygging.

Søknaden etter energilova er vurdert i eit eige vedtak, som er vedlagt.

I brev frå Olje- og energidepartementet av 28. juni 2002 er mydigheita til å gje løyve etter vassressurslova for kraftverk med inntil 5 MW installasjon, delegert til NVE. NVE kan imidlertid ikkje gje løyve etter forureiningslova. Søkjar må difor sjølv søke Fylkesmannen om løyve til utslepp i samband med bygginga.

Merknader til konsesjonsvilkåra

Post 1. Vannslipping

På bakgrunn av diskusjonen ovanfor kan NVE ikkje sjå at fisk og fiskeinteresser eller andre biologiske omsyn kan vere avgjerande for om det skal påleggjast minstevassføring.

Som tidlegare omtalt er elvestrekninga som vil bli utbygd heller ikkje noko sentralt landskapselement. NVE forstår det likevel slik at det er svært aktuelt å drive hogst kring elva i relativt nær framtid. Då vil truleg elva bli meir synleg. Frå inntaket og ned til utløet av kraftstasjonen går elva over store blokkar eller grovt substrat, men òg delvis over bart fjell, og formar små kulpar, fossar og stryk. NVE meiner at dette gjer grunnlag for at ei minstevassføring vil ha relativt god visuell og estetisk effekt.

Masfjordfjella er av fleire framheva som ein viktig område for friluftsliv. Det er sagt at Kjetlandsdalen i dag ikkje er nokon innfallspor til dette fjellområdet. Samstundes er det nemnt at vegen langs røyrgata kan lette tilkomsten til fjella. Sjølv om det i dag er få personar som nyttar stien innover Kjetlandsdalen, oppfattar NVE det slik at det er eit potensiale for at dette kan endre seg i framtida.

Med tanke på framtidig bruk av området, samt at elva kan bli meir eksponert for hogst, meiner vi at den visuelle og landskapsestetiske gevinsten ved å sleppe ei vassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring om sumaren er større enn den økonomiske og produksjonsmessige gevinsten utbygger vil ha av å nytte vatnet til kraftproduksjon. Det aller meste av tilsiget til inntaket vil likevel gå gjennom kraftverket.

NVE vil difor påleggje ei minstevassføring på 100 l/s i perioden 1. mai – 30. september. Dette svarar til alminneleg lågvassføring, og vil etter våre berekningar redusere årleg middelproduksjon med om lag 0,3 GWh i høve til søkjar sine anslag.

Om vinteren kan vi ikkje sjå at det er behov for minstevassføring i elva ut frå omsyn til friluftsliv eller landskapsestetikk. Vi meiner det er vist gjennom høyringsuttaler, synfaring og den undersøkinga som er lagt fram av søkjar at det ikkje er knytt spesielle biologiske verdiar til Dalelvi mellom inntak og utløp frå kraftstasjonen. Vi vil difor ikkje påleggje minstevassføring i vinterhalvåret.

Post 4. Godkjenning av planar, landskapsmessige forhold, tilsyn m.v.

Detaljer ved prosjektet som veger, massedeponering og landskapsmessige forhold vil bli fulgt opp etter at konsesjon er gitt. Godkjenning av planar og tilsyn med byggearbeidene er lagt under NVE, og detaljerte planar skal godkjennes av NVEs regionkontor i Førde før arbeidet blir satt i gang. Kommunen skal da kunne uttale seg om planar for anleggsveger, massetak og plassering av eventuelle overskuddsmasser.

Post 5. Naturforvaltning

DN har bede om at det vert sett standard vilkår for naturforvaltning, sjølv om det synest lite aktuelt å påleggje utbygger å gjennomføre tiltak med heimel i vilkåra. Vi har i stor grad etterkome denne tilrådinga. Enkelte standard formuleringar er tekne ut. Dette gjeld t.d. punktet om ekstra oppsyn i samband med jakt og fiske i anleggstida.

Eventuelle pålegg etter dette vilkåret må vere relatert til skader som har si orsak i utbygginga og må stå i rimeleg forhold til storleiken og verknadene av tiltaket.